

Til høyringsinstansar

Midtun, 18.03.2021

Vår ref: 101958

Kommunens ref.: 21/362

VARSEL OM OPPSTART AV DETALJREGULERINGSPLAN FOR AUSTEVOLL LAKSEPAKKERI, STOREBØ, AUSTEVOLL KOMMUNE, PLAN-ID 20210004.

I samsvar med plan- og bygningslova §§ 12-3 og 12-8 vert det med dette varsla oppstart av arbeid med detaljreguleringsplan for Austevoll Laksepakkeri, plan-ID: 20210004. Forslagsstillar er Austevoll Eiendom AS, mens A/STAB er utførande konsulent for planlegginga. Planområdet omfattar eigedom 43/99 og 43/153 m. fl. er på om lag 38,4 daa og er avgrensa som synt på varslingskart.

I kommuneplanens arealdel er området sett av til noverande og framtidig næringsverksemd. Områda i sjøen har arealformål hamn. Ein mindre del av området har arealformål LNF og nyttas i dag til parkering. Det er ikkje planlagt endringar i bruken av parkeringsplassen. Gjennom områdereguleringsplanen for Storebø sentrum er planområdet regulert til industri. Områda i sjøen har arealformål hamneområde i sjø og akvakulturanlegg, mens vegareal er regulert til køyreveg, fortau og annan veggrunn grøntareal.

Føremålet med reguleringsplanen er å regulere området på ein slik måte at det kan oppførast nye næringsbygningar og tilhøyrande anlegg i tilknytning til dagens industribygningar for laksepakkeriet. Planarbeidet er vurdert til ikkje å utløyse krav om konsekvensutgreiing etter plan- og bygningslova § 4-2.

Kunngjeringa, varselkart og referat frå oppstartsmøtet er lagt ut på heimesida til A/STAB AS, www.a-stab.no, via lenka «Kunngjøringar». Dei som etter lova har krav på skriftleg varsel om planoppstart vert varsla direkte med brev.

Eventuelle merknader eller innspel til planarbeidet kan sendast skriftleg til A/STAB AS, Ulsmågvegen 7, 5224 Nesttun, eller per e-post til post@a-stab.no. Merknadsfrist er sett til 15.04.2021. Alle mottekne dokument vert sendt til kommunen saman med planframlegget.

For meir informasjon om planarbeidet, kontakt A/STAB AS, tlf: 902 57 455.

Venleg helsing
A/STAB AS



Gaute Baarøy

Vedlegg: Varselkart